

FRODE RASMUSSEN • LINDA ØVREBØ

SØGN OG FJORDANE TEATER PRESENTERER:

MATIAS

MED ORD, FELESPEL OG GLASMUSIKK

ORHEIM

AV METTE BRANTZEG OG NORVALD TVEIT

SoFt

Sogn og Fjordane Teater

www.softeater.no

KJÆRE PUBLIKUM



Når eg det siste året har snakka med folk om Matias Orheim, har eg som oftast fått gjenkjennande nikk og blikk. Dei hugsar at Orheim var i bedehuset i deira bygd, at han var blind og spelte på glas eller at han budde heime hos foreldra deira nokre dagar. Han blir hugsa som ein kjendis frå den gongen, ein som sette spor, og rørte dei med opplevingar dei ikkje hadde hatt før.

Nettopp det å røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før, er visjonen til Sogn og Fjordane Teater (SoFt). Overskrifta for teateråret 2010 er Historier herifrå, og ei av desse historiene handlar om Matias og Marie Orheim.

Norvald Tveit fortener takk for at han gav meg idéen til denne framsyninga, og fordi han kvitterte med å skrive manus saman med tidlegare teatersjef Mette Brantzeg. Det er ei glede å ønske Mette velkoma tilbake til SoFt saman med scenografen Erik Annar Evensen og eit flott ensemble med skodespelarar, songarar og musikarar. Ein særskilt velkomst fortener dei som debuterer ved SoFt denne gongen – Liv-Jorun Bergset og Randi-Merete Roset.

Historia om Matias og Marie Orheim handlar om menneske

med eit styrande kall som aldri gir opp, og som trass store hinder når måla sine. Slike menneske minner om maratonløparar som spring med eit smil om munnen i det mest ugjestmilde terreng som finst. Dei viser veg og blir førebilete for mange.

Det er ei stund sidan Orheim levde og reiste på talarferder. Internett og tv har på mange måtar fylt plassen hans. I kveld er det SoFt sin tur – til å hugse Matias og Marie Orheim, og forhåpentlegvis å gje dykk opplevingar de ikkje har hatt før.

Til slutt ei stor takk til alle kyrkjelege fellesråd i Sogn og Fjordane som berre har vist velvilje og entusiasme når vi har spurt om å få bruke kyrkjene i fylket som teatersalar.

Velkomen til kyrkja – velkomen i teatret!

Terje Lyngstad
teatersjef



MATHIAS ORHEIM

MED ORD, FELESPEL OG GLASMUSIKK
AV METTE BRANTZEG OG NØRVALD TVEIT

Regi

Mette Brantzeg

Komponist og musikkarrangement

Per Janke Jørgensen

Scenografi og kostymedesign

Erik Annar Evensen

I rollene

Matias - Frode Rasmussen

Maria - Linda Øvrebø

Forteljarar

Liv-Jorun Bergset

Randi-Merete Roset

Gro Marie Svidal.

Musikk

Liv-Jorun Bergset og Randi-Merete

Roset i gruppa Draup - glas

Gro Marie Svidal - fele

Oddmar Amundsen - gitar

Rolf Prestø - bass

Produksjons- og turnéleiar/lyd

Kenneth Røsandhaug

Kostymeansvarleg/skreddar

Annå Wingård

Skreddar

Anette Eide Røsandhaug

Sufflør/rekvisittør

Agnes Alisøy

Lys

Atle Øydvin

Snikkar

Kjell Furevik

Teknikar

Odd Magne Herland

Frisør

Anita Herland Terum



Det vert teke opp kollekt til Kirkens Bymisjon i Bergen som ein integrert del av framsyninga.

Takk til Orheimmuséet på Stårheim ved Åshild Orheim Haga og Kristian Orheim Haga for velvillige utlån, informasjon og omvisning. Takk til Lars Lotsberg - som reiste med Orheim - for verdfull informasjon. Takk til Berit Sælen på Mo og Jølster vidaregåande skule for trekking av knappar. Ei stor takk til Førde kyrkje for ope hus i prøveperioden.

Vi gjer merksam på at alle mobiltelefonar må vere slått av. Det er ikkje lov å gjere lydopptak, filme eller fotografere under framsyninga. Urvpremière i Førde kyrkje fredag 26. mars kl 1900. Speletid 1 time 15 min utan pause.



MANUS

– FIKSJON OG FAKTA

Då Norvald Tveit og eg fekk oppgåva å skrive eit stykke om Matias Orheim, visste eg lite eller ingenting om mannen. Men det gjorde svært mange andre. Det er ikkje berre Norvald som har opplevd forkyningane hans, syner det seg. Mytane om Orheim er såleis levande. Som forfattarar ønskte vi å vere tru mot ein type fakta og forstå tida han levde i. Per Janke Jørgensen kom tidleg inn i prosessen som skulle leie fram til eit musikkteater tufta på salmar.


Vi gjekk i gang med å lese noko av det som fanst om Orheim. Det var overveldande både i munnleg og skriftleg form. Ut frå skildringane steig kona hans Marie fram. Biografane hadde ikkje via mange ord til henne, men ho var der likevel. Dess meir vi ikkje las om henne dess tydelegare steig ho fram. Orheim bringa gudskjærleiken til jorda og inn i jorda, so og seie, og det var han så visst ikkje åleine om: Det er i dette levande, praktiske og kvardagskristne perspektivet at Marie veks fram som en del av det heile: Kristen er noko vi gjer, ikkje berre noko vi er.

Bodskapen til forkynnaren Orheim er gjennomsyra av glede og kjærleik. Den kjærleiken som Gud, gjennom Jesus, omsluttar menneske med, er det som vi menneske skal gi vidare. Vi har spurt oss om korleis dei to, Marie og Matias, i ord og handling, fann denne «samklang mellom liv og læra». Livet baud ofte på motgang. Omstenda baud på mørkesyn, både bokstaveleg og åndeleg. Spørsmålet har mange moglege svar og kallar på vår diktarevne og trong til å undersøkje. Dette stykket blei til både bak skrivebordet og i prøverommet. Eg vil takke ensemblet, med Linda Øvrebø og Frode Rasmussen i dei leiande rollane, for deira medskapning.

Mette Brantzeg,
regissør og dramatikar

MATIAS ORHEIM - BLIND OG SJÅANDE

Norvald Tveit i samtale med Hans Jakob Reite



Norvald Tveit opplevde som liten gutt Orheim sin glasmusikk på skulehuset i Leirvik.

Kva kjenneteikna denne spesielle forkynnar, Norvald?

– Orheim greidde å vri sitt handicap til noko positivt. Han var først og fremst ein gåverik talar. Det var hans største styrke. Men så toppa han dette med å spele på glas i blinda. Det gjorde han på ein måte «tabloid» i si tid. Han skilde seg ut slik ingen andre kunne.

Var han ein stor musikanter?

– Eg trur han var større som både talar og komponist. Som utøvande musikanter var hans største talent å skilje seg ut. Han tok med seg fela inn i bedehuset. Han utøvde dette mirakuløse glasspelet på vinglas i eit utprega fråhaldsmiljø. Felespelet i bedehusa gjorde han omstridd. Vart han nekta å ta med fela inn i huset, så fann han seg andre lokale. Men det var fyrst og fremst glasspelet hans i blinda som fekk han til å framstå som eit mysterium. Det fekk kjerringane til å himle med augo. Han brukte fele og glas i Guds teneste, og på denne måten vann han respekt.

Kva slags forkynnar var Orheim?

– Han var ein sterk talar som var trygg i si tru og sin opptreden. Han

tok på mange måtar opp arven etter Hans Nilsen Hauge. Etter Hauge sin død vart mange bedehusmiljø prega av svovelpredikantar som skremde med helvete. Orheim braut med denne svarte pietismen. Han var ein mild forkynnar som la vekt på Guds kjærleik, og at alle hadde ei plikt til å ta dei praktiske nyvinningane i bruk for å skaffe eit betre materielt liv for seg og sine. Han brukte praktiske bilete i forkynninga si og siterte også verdsleg litteratur i talane sine. Han var ikkje ein bibelsprengd og pietistisk predikant som forskansa seg i bedehusa. Salmen «Kvardagskristen vil eg vera» samanfattar Orheim sitt evangelium.

Andre kjenneteikn med denne spesielle mannen?

– Han var fyrst og fremst ustopeleg, og han hadde ei ekstrem evne til å gjennomføre det han hadde sett seg. Arbeidet for å realisere misjonsbåten «Brand» er eit døme på dette. Han var ein praktisk mann, og den største kjærleiken hans låg i det kristelege ungdomsarbeidet. Han var ein moderne og framtidretta mann. Han visste kva som måtte til for å skilje seg ut. Glasmusikken var hans viktigaste ikon for å skape seg eit «moderne image», slik at dei framifrå tale-gåvene hans kunne røre fleire med bodskapen «Eg har ei teneste stor for Gud».

KOR MYKJE STORT,
KOR MYKJE GILDT



«Det var ei slags høgtid berre å sjå han ... Han tala som ingen annan vi hadde høyrte ... Orda steig og fall i mjuke rytmiske klangar ... Sanneleg song han ikkje også. Det var så visst ingen dommedags-skremslar på bedehuset den kvelden, berre lyse, lovande ord:

*Kor mykje stort, kor mykje gildt,
Kor mykje herlegdom ...»*

Slik skildrar lyrikaren Åse Marie Nesse sitt første møte med Matias Orheim. Sjølv fekk eg aldri møte han, eg var berre fem år då han og kona, Marie, døydde med berre få timars mellomrom. Men eg hørde mykje om han medan eg vaks opp, om korleis han vart omvend til Gud før han var 16 år, om dei vakre salmane og åndelege songane han skreiv og om hans evne til å trylle fram vakre tonar frå både fele og glas. Eg skjønna tidleg at det var noko særskilt med denne mannen.

Matias Orheim vart blind, men ga lys til mange. Han makta å føre den rike arven frå ein brei, vestnorsk folkekultur saman med straumen frå vekkinga. Det var ikkje alle som hadde det same vidsynet. Til dømes var det ikkje så reint få som meinte at fela høvde dårleg i åndeleg samanheng. Men Orheim såg desse tinga klårare. Slik eg forstår

det, bygde han ned spenningane mellom kyrkja og den folkelege kulturen. Vi hadde trengt fleire som han.

For meg er det ein song av Orheim som eg har høyrte heilt sidan eg var liten, og det er nett denne songen som Åse Marie Nesse nemner ovanfor. Omkvedet går slik:

*Fryd , ja ungdomsfryd vår Frelsar
no oss byd,
Vi derfor kjem som dogg i glans
kring Kristi kross i krans.
Og bøygd for Herren syng eg her i
frelsens stråleskrud :
Det venaste syn som eg får sjå,
er unge på kne for Gud.*

Kring Kristi kross i krans Desse orda har festa seg i sinnet. Dei har ein klang som ikkje slepp. Dei gjev vidare eit syn av unge menneske samla rundt krossen. Dette var det han brann for aller mest, den blinde visjonæren frå Nordfjord.

Eg gratulerer Sogn og Fjordane teater med oppsetjinga, og vonar at mange får høve til å sjå stykket!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Trine 24 år,
landslagsstjerne frå Sunnfjord



Volleyballstjerna vår

Du ser ho kanskje ikkje enno. Men ho er der inne i hallen. Trufast på trening, kveld etter kveld. Servar og blokkerer. Stuper og skilir. Slår så det svir. I Sunnfjord har vi aktive, flotte volleyballmiljø der unge får trene. Der talenta dukkar opp. Som lokal bank engasjerer vi oss og hjelper dei fram. At Sogn og Fjordane kan fostre ei ny volleyballstjerne, det trur vi, det ønskjer vi og det satsar vi på.

I 2009 gav Sparebanken Sogn og Fjordane 20 millionar kroner i gåve og sponsorstønad til kultur, idrett og forskning i Sogn og Fjordane. Gjennom Furorestipendet og TOPP-idrettsutvikling bidreg vi til å løfte fram dei unge og talentfulle frå fylket.

Sparebanken Sogn og Fjordane
- la oss fellesskape framtida vår

meirennbank.no facebook twitter ssf.no

SPELEPLAN

Fre	26.mars	kl 1900	Førde kyrkje Urpremière!
Tys	6. April	kl 1930	Brekke kyrkje
Ons	7. april	kl 1930	Hyllestad kyrkje
Tors	8. april	kl 1800	Solund kyrkje
Fre	9. april	kl 1930	Florø kyrkje
Laur	10. april	kl 1800	Dale kyrkje i Fjaler
Mån	12. april	kl 1930	Stedje kyrkje
Tys	13. april	kl 1930	Dale kyrkje i Luster
Ons	14. april	kl 1930	Hauge kyrkje
Tors	15. april	kl 1930	Vik kyrkje
Fre	16. april	kl 1930	Tjugum kyrkje
Laur	17. april	kl 1800	Høyanger kyrkje
Mån	19. april	kl 1930	Svelgen kapell
Tys	20. april	kl 1930	Frøyen kyrkje
Ons	21. april	kl 1930	Stårheim kyrkje
Tors	22. april	kl 1930	Selje kyrkje
Fre	23. april	kl 1930	Søre Vågsøy kyrkje
Laur	24. april	kl 1800	Nedstryn kyrkje
Mån	26. april	kl 1930	Ålhus kyrkje
Tys	27. april	kl 1930	Vevring kyrkje
Tors	29. april	kl 1930	Breim kyrkje
Fre	30. april	kl 1930	Askvoll kyrkje

Kvardagskristen vil eg vera

Kvardagskristen vil eg vera
Syn for segn det krev Guds ord
Samklang mellom liv og læra
Det er himmelsong på jord
Som den djupe fjord kan gjera
Spegla himmel høg og blå
Skal ein kvardagskristen spreia
Festglans kring det kvardagsgrå

Ljoset det friviljug ljoser
Det er ljuset sin natur
Eld må varma den som fryser
Soleis og med den som trur
Gud hev djupt i hjarta gjeve
Lov som råder innanfrå
Dådsglad kjærleik, han gjev livet
Festglans kring det kvardagsgrå


Kvardagskristen vil eg vera
Syn for segn det krev Guds ord
Samklang mellom liv og læra
Det er himmelsong på jord
Og når so min kvardagsbunad
Skal for himlen skiftast om
Strålar i kring livsens kruna
Festglans i Guds herlegdom



Eg fann min Gud i ungdoms år

Eg fann min Gud i ungdoms år
I livsens ljose blide vår
Det skal eg aldri anka
Eg let min frelsar inn til meg
Då han so kjærleg synte seg
På hjartedøra banka

Eg fann min Gud i ungdomsår
All ungdomskraft som i meg rår
Skal brukast til hans æra
Skal eg med tåror sæde så
Med frydesong eg heim skal gå
Og mine kornbandbera

A woman with blonde hair, wearing a black dress with white accents on the sleeves, stands in a room with bookshelves. She has her hands clasped in front of her. The background is slightly blurred, showing rows of books on shelves.

Komposisjon

Matias Orheim
Per Janke Jørgensen
Folketonar

Ansvarleg utgjevar

Terje Lyngstad

Programredaksjon

Terje Lyngstad
Leila Øvreseth
Hans Jakob Reite

Foto framside

Vidar Helle

Grafisk design framside

Eva Tuft

Alle foto frå framsyninga

Olav og Dagrun Reiakvam

Utforming av programmet og trykk

E. Natvik Prenteverk AS, Florø




Depotbiblioteket

Sogn og Fjordane teater
presenterer: Matias Orheim



10G020734



Sogn og Fjordane Teater

Førdehuset | Angedalsvegen 5 | Postboks 324 | 6802 Førde
Telefon 909 90 600 | post@softteater.no | www.softteater.no